



## Plan for førebygging av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme



Versjon 1.0

Seljord kommune 2016

Vedtatt i formannskap den 6.10.2016

## **Innhald**

1	Om rettleiaren .....	3
2	Om valdeleg ekstremisme .....	4
	"Radikaliseringstunnelen" .....	4
	Valdeleg ekstremisme .....	4
	Radikalisering .....	4
	Avradikalisering .....	4
	Hatkriminalitet .....	4
	Nettekstremisme .....	4
3	Moglege teikn til bekymring .....	5
4	Sårbarheit og risiko .....	6
5	Kva gjer ein ved bekymring? .....	7
	Privatperson .....	7
	Tilsette i førstelinjetjenesta .....	7
	Handlingsløypa .....	9
6	Handtering av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme .....	11
7	Aktuelle tiltak .....	12
8	Planar, organisering og samarbeid .....	15
9	Nettsider og informasjon .....	16

# 1 Om rettleiaren

*"Det hviler et ansvar på hver enkelt av oss i forebyggingen av radikalisering og voldelig ekstremisme", Erna Solberg.*

Rettleiaren skildrar eit handlingsløp "frå bekymring til handling". Den inneheld kunnskap om bekymringsteikn, om risiko- og motivasjonsfaktorar, om kva ein gjer når bekymring oppstår og kva for tiltak som er relevante .Rettleiaren skal vere eit verkty for å førebygge all form for valdeleg ekstremisme og er retta mot barn, unge og vaksne.

Rettleiaren er i hovudsak tenkt brukt av tilsette i fyrstelinjetenesta som NAV, skule, barnehage, fritidsklubbar, barnevern, helse osb. Men den kan og bli brukt av føresette, familie, vene, naboar, kollegaer og/eller som er uroa over auka grad av radikalisering hos ein ungdom/vaksen.

Det er viktig å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme med dei same grunnprinsippa som i generell førebygging av kriminalitet. Eit inkluderande miljø der alle kan vere med er førebyggande for sosial utstøyting, marginalisering og kriminalitet. **Eit inkluderande samfunn er i samsvar med hovudmål 1 i kommuneplan for Seljord kommune.** Barn, unge og vaksne som er del av eit inkluderande miljø vil vere godt rusta i møte med ulike utfordringar.

Tidleg innsats krev kunnskap om risikofaktorar og kunnskap om teikn på radikalisering. Ved å gripe inn tidlig i en radikaliseringsprosess vil ein i større grad lykkast med å snu utviklinga. Det er viktig at det førebyggande arbeidet blir gjort på ein måte som ikkje fører til stigmatisering og generalisering på bakgrunn av kjøn, etnisitet, religion eller sosioøkonomisk status.

**Kommuneplan for Seljord kommune, langsiktige mål 2006-2021:**

**Hovudmål 1**

**Seljord kommune skal vere ein god stad å bu og ein attraktiv tilflyttingsstad.**

## 2 Om valdeleg ekstremisme

### "Radikaliseringstunnelen"

Radikaliseringsprosessar blir ofte samanlikna med å gå inn i ein tunnel. Inngangen til tunnelen er starten på radikaliseringen. Dei som kjem ut i den andre enden av tunnelen er det vi kallar "ferdigradikaliserte". De som er i radikaliseringstunnelen kan støtte bruk av vald, oppmode andre til vald, eller utøve vald sjølve.

### Valdeleg ekstremisme

Med valdelig ekstremisme meiner ein personar og organisasjonar villige til å bruke vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål. Den valdelege ekstremismen kan vere relatert til høgreekstremisme, venstreekstremisme, ekstrem islamisme m.m.

### Radikalisering

Radikalisering er ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske og religiøse mål. Prosessen kan vere kompleks med mange faktorar som spelar inn eller ein mer enkel prosess hvor nokre få faktorar blir avgjerande.

### Avradikalisering

Avradikalisering er ein prosess som kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske og religiøse mål.

### Hatkriminalitet

Valdeleg ekstremisme er hatkriminalitet. Hatkriminaliteten kan også omfatte truslar, skadeverk m.m. Oslo politidistrikt har utgitt ein rapport om hatkriminalitet i 2013. Hendinga i regjeringskvartalet og Utøya 22.07.2011, samt drapet på Benjamin Hermansen på Holmlia i 2001, er dei mest alvorlege hatkriminalitet-sakene i Norge i nyare tid.

### Nettekstremisme

Nettekstremisme er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Nettekstremismen består i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett, som er i konflikt med straffeloven § 135.

### 3 Moglege teikn til bekymring.

Intensjonar og motivasjon for hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme er ofte samansett: Provosere og utfordre, få merksemd for eigen del – og saken, finne vener, sosiale nettverk og identitet. Søker trygghet og støtte. Ungdomsopprør, reaksjon på krig, overgrep, undertrykking, fattigdom m.m. Stort engasjement knytt til innvandring og flyktningar, Press/motivasjon/påverknad med utgangspunkt i transnasjonale familieliv og nettverk. Det eksisterer ikkje nokon fasit i førebyggande arbeid. Det er snakk fleire faktorar og fleire moglege bekymringsteikn.

BEKYMRINGSTEIKN
<b>YTRINGAR</b> <ul style="list-style-type: none"><li>– Intoleranse for andre sine synspunkt</li><li>– Fiendebilete – vi og dei</li><li>– Konspirasjonsteoriar</li><li>– Hatretorikk</li><li>– Sympati for absolute løysingar som avvikling av demokrati</li><li>– Legitimerer vald</li><li>– Truslar om vald for å nå politiske mål</li></ul>
<b>INTERESSER/UTSJÅNAD/SYMBOLBRUK</b> <ul style="list-style-type: none"><li>– Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på nett</li><li>– Endrar utsjånad, klesdrakt m.m.</li><li>– Brukar symbol knytt til ekstremistiske ideal og organisjonar</li><li>– Sluttar på skulen, fritidsaktivitetar m.m.</li></ul>
<b>AKTIVITETAR</b> <ul style="list-style-type: none"><li>– Opptatt av ekstremisme på internett og sosiale medier</li><li>– Deltek på demonstrasjonar og valdelege samanstøyt med andre grupper</li><li>– Brukar truslar og vald som følgje av ekstremisme</li><li>– Hatkriminalitet</li><li>– Reiser som kan føre til auka radikalisering og kontakt med ekstremistar</li></ul>
<b>VENER OG SOSIALE NETTVERK</b> <ul style="list-style-type: none"><li>– Endrar nettverk og omgangskrets</li><li>– Saman med med personar og grupper som er kjent for ekstremisme</li><li>– Saman med grupper der det ein brukar truslar, vald og/eller annen kriminell aktivitet</li><li>– Medlem i ekstremistiske grupper, nettverk og organisjonar</li></ul>

## 4 Sårbarheit og risiko.

Mange ekstreme miljø som er ideologisk og/eller religiøst forankra vil kunne forsterke eit inntrykk av «oss mot dei andre». Individet vil ofte bli presentert enkle svar og løysingar på opplevde krenkingar og dei kan oppleve sterk tilhørslig. Nokre vil oppleve dei ekstreme grupperingene som einaste måte å bli sett og høyrt. Miljøet sine negative reaksjonar vil for mange vere ei stadfesting av at de ikkje passar inn. Dei kan og oppleve status og makt. I dette ligg også muligheter til revansje og hemn. Mange av dei same risikofaktorane som ein finn knyt til rus, kriminalitet og seinare marginalisering kan gjere seg gjeldande i radikaliseringsfeltet. Det er viktig å ta bekymringsteikn på alvor.

SÅRBARHEIT OG RISIKO	
Press-faktorar	Motivasjonsfaktorar
<ul style="list-style-type: none"><li>– Utanforskap</li><li>– Oppleving av diskriminering</li><li>– Oppleving av rasisme</li><li>– Kjensle av å bli krenka</li><li>– Oppleving av urettvis</li><li>– Identitetssøkende</li><li>– Dårlig sjølvkjensle</li><li>– Manglande tro på løysingar med demokratiske midlar</li><li>– Traumatiske opplevingar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>– Respekt</li><li>– Anerkjenning</li><li>– Makt og kontroll</li><li>– Føle at ein gjer noko meiningsfylt</li><li>– Større mening med livet</li><li>– Tilhørighet, fellesskap og identitet</li><li>– Lojalitet til gruppemedlem</li><li>– Førebilete (glad i nokon eller respekt)</li><li>– Attraktive ideologiske argument</li><li>– Spenning og eventyrlyst</li></ul>

MOTIVASJON FOR AVRADIKALISERING	
Pressfaktorar	Motivasjonsfaktorar
<ul style="list-style-type: none"><li>– Strafferettslege reaksjonar</li><li>– Tek avstand fra vald</li><li>– Oppleving av å bli krenka</li><li>– Mistatrua på ideologi</li><li>– Tap av tillit og status</li><li>– Tapte illusjonar om kameratskap, gruppering</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>– Lengsel etter det normale liv</li><li>– Stadfesting</li><li>– Tilhørighet i nye miljø</li><li>– Attraktive ideologiske argument</li><li>– Får seg jobb</li><li>– Får seg kjæraste, familie</li><li>– Nytt ideologisk standpunkt</li></ul>

# 5 Kva gjer ein ved bekymring?

## Privatperson

Er du privatperson og er uroleg for aukande grad av radikalisering hos en ven, ein nabo, ein kollega, eit barn, ein forelder, øvrig familiemedlem eller nokon i fritidsmiljøet kan du gjere følgjande:

### 1 Ta bekymringa på alvor

Gjer klart for deg sjølv kva du er uroleg for og tenk gjennom kva du treng for å redusere din eigen uro. Ta ansvar for din bekymring.

### 2 Rådfør deg med fagfolk

Rådfør deg med politi/Alarmtelefonen, eller andre fagfolk, ved fortsatt bekymring. Du kan også velje å vere anonym.

Alarmtelefon for barn og unge..... 116111 (*Tjenesta er gratis og døgnbemanna*)

Politiet..... 02800

## Tilsette i førstelinjetjenesta

Er du ansatt ved skule, barnevern, NAV, i helse og sosial, barnehage, fritidsklubb, eller på anna måte arbeider med barn, unge eller vaksne som du er uroleg for, kan du følge handlingsløypa på neste side:

Når du har drøfta situasjonen med kollegaer og leia må ein vurdere om andre etatar skal ha bekymringsmelding eller om ein skal kontakte andre etater for samarbeid. Bekymringen følgjes om nødvendig opp med ein bekymringssamtale og en avklaring før det eventuelt settes inn relevante, førebyggande tiltak.

### Avvergelsesplikten (strl. § 139)

*"Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlater å anmelde til politiet eller på annen måte å søke å avverge en straffbar handling eller følgene av den, på et tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det fremstår som sikkert eller mest sannsynlig at handlingen vil bli eller er begått. Avvergelsesplikten gjelder uten hensyn til taushetsplikt."*

Dersom du er offentleg tilsett, gjeld same lovverk om samarbeid som i alle andre saker der fleire samarbeidspartar er involvert. Den enkelte tjenesta sitt lovverk må takast omsyn til ved deling og lagring av informasjon. Reglar for sensitive personopplysninger kan vere relevante. Ein person sitt politiske og/eller religiøse syn er å sjå på som sensitiv personopplysning, jf. Personopplysningsloven § 2. Eit samarbeid bør bygge på anonymisering eller eit samtykke.

<i>Politi/forebyggende seksjon.....</i>	<i>35 90 64 00</i>
<i>Politiet/forebyggende koordinator/ radikalisering..</i>	<i>35 90 64 00</i>
<i>PST .....</i>	<i>23 30 50 00</i>
<i>Barnevern.....</i>	<i>35 58 10 00</i>
<i>Barnevernsvakta .....</i>	<i>90 05 33 04</i>

## Handlingsløypa

TRINN	HANDELING	ANSVARLEG
1	<p><b>Kartlegging</b></p> <p>Tilsette som er bekymra for og/eller blir oppsøkt av ungdom «kartlegg» moglege bekymringsteikn. Drøft eventuelt bekymringane med kollegaer.</p>	Tilsette
2	<p><b>Drøft bekymringa</b></p> <p>Dersom den unge går på skulen så drøft bekymringa med leiinga og eventuelt med pedagogiske og faglege ressursar på skulen (TPO-team). Det blir så avtalt kven som har hovudansvaret for å følgje opp bekymringa vidare.</p>	Leiinga, skulen, verksemda
3	<p><b>Meld bekymringa</b></p> <p>Skulen/verksemda kan drøfte saken anonymt med barnevern og/eller lokalt politi (førebyggande avsnitt). Ein kan eventuelt sende bekymringsmelding til barnevern og/eller politi.</p>	Skulen/verksemda, barnevern, politi
4	<p><b>Bekymringssamtale</b></p> <p>Dersom fleire instansar er bekymra for radikalisering, hatkriminalitet og ekstremisme kan politiet følgje opp med ein bekymringssamtale med den unge og foreldra. Politiet har dialog med PST ved behov.</p>	Politi Barnevern Føresette
5	<p><b>Tverretatleg samarbeid</b></p> <p>Kven kan følgje opp/koordinere arbeidet rundt ungdommen? Lag ein plan for å jobbe heilsakleg med den unge.</p>	Koordineringsgruppa


6	<b>Oppfølging</b> Oppfølging av tiltak i planen. Relasjonsbygging og mentorarbeid for å få hjelp med å finne alternativ miljø, moské, jobb, skule, bustad, idrett, nye rutinar, nettverk og sosial deltaking. Inkluder føresette i arbeidet.	Koordineringsgruppa, Radikaliseringkontakten Føresette
7	<b>Meld bekymring til PST</b> Ved fortsatt alvorleg bekymring blir saka meldt til PST av det lokale politiet dersom dette ikke er gjort tidligare.	Politi PST

Alle som får informasjon knytt til radikaliserte og/eller utreise/heimreise plikter å melde i frå til politiet. Eventuelt informere radikaliseringkontakten som kallar inn koordineringsgruppa for å ta stilling til tiltak som hindrar utreise/tek vare på dei som kjem tilbake.

Det er oppretta ei koordineringsgruppe for å handtere konkrete saker og for å avklare behov for oppfølging og tiltak. Det kan vere aktuelt å kalle inn fleire fageiningar/fagpersonar, vurdert ut i frå den aktuelle saka. RVTS Øst (Regionalt ressurssenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging) kan gi råd og rettleiing i aktuelle saker. Familievernkontoret kan tilby oppfølging til familiar. Deltakarane i koordineringsgruppa gir beskjed til radikaliseringkontakten om eventuelle problem/utfordringar. Radikaliseringkontakten har ansvaret for å kalle inn gruppa til møte innan 24 timer for å avklare tiltak og ansvarsfordeling i sakene.

# 6 Handtering av hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme

## 1.1. Koordineringsgruppa



### Mandat for koordineringsgruppa for handtering av hatkriminalitet og voldelig ekstremisme:

1. PST og politiet vurderer risiko i enkeltsaker og gir beskjed til radikaliseringkontakten dersom gruppa skal møte.
2. Deltakarane i koordineringsgruppa gir beskjed til radikaliseringkontakt ved bekymring, informasjon og/eller aktuelle identifiserte problem knytt til sitt ansvarsområde.  
Radikaliseringkontakt har ansvar for møteinnkalling.
3. Koordineringsgruppa er samla til det er avklart tiltak og ansvarsfordeling i saka.
5. Deltakarane i koordineringsgruppa har mynde til å bestemme tiltak i saker.
6. Koordineringsgruppa møter ved behov.

# 7 Aktuelle tiltak

## Samarbeid mellom tenester og sektorer

Mange eksisterande førebyggande tiltak kan også vere relevante for å møte eventuell bekymring for radikalisering. Kva for tiltak som kan vere aktuelle må ein vurdere med utgangspunkt i det enkelte individ . Ved gjennomføring av tiltak er det viktig å tenke heilskapleg. Fleire tiltak vil kunne utfylle kvarandre og gi beskyttande effekt. Samarbeidet lokalt skal koordinerast gjennom koordineringsgruppa. I kommune og stat står desse tenestene og sektorane sentralt:

- Førebyggande tiltak i skule
- Førebyggande helse
- Tiltak retta mot foreldre
- Opplæring, råd og rettleiing frå RVST
- Førebyggande tiltak i politiet

## Dialog som metode

Dialog er en sentral metode for å førebygge voldelig ekstremisme. Dialog som metode er godt kjent frå kriminalitetsførebyggande arbeid blant barn og unge – i kommune og politi. Dialog gir gode relasjoner, forståing og respekt, som igjen sikrar god førebygging, endring og tryggleik – utan ekstremisme.

## Bekymringssamtale

Bekymringssamtalen er ofte brukt av politiet i arbeidet med unge lovbytarar. Bekymringssamtalen blir også, i en vidareutvikla utgåve, brukt i arbeidet med å førebygge valdeleg ekstremisme. Telemark politidistrikt kan gjennomføre samtale alene, i samarbeid med kommune og/eller andre instansar. Ein kan bruke fleire metodar, tiltak og tenester innanfor ulike sektorer. Det er summen av den førebyggande innsatsen mot kriminalitet, hatkriminalitet og voldelig ekstremisme som gir resultat. Innsatsen koordinerast gjennom koordineringsgruppa. Her er kort omtale av relevante tenester, tiltak og metodar.

## Mekling og forsoning

Konfliktar og overgrep bør følgjes opp med mekling og forsoning mellom partane gjennom skulemekling, konfliktråd m.m.

## **Foreldrerettleiing og nettverk**

Foreldrerettleiing og foreldrenettverk kan etter behov etablerast lokalt, regionalt eller sentralt.

## **Exit- og avradikaliseringssprogrammer**

Det er per i dag ikkje aktive exit- og avradikaliseringssprogrammer i Seljord eller Norge. Politidirektoratet (POD) arbeider med å utvikle exit-strategiar.

## **Politiet sitt førebyggande arbeid - koordinator/radikalisering.**

Telemark politidistrikt har som eit av 7 distrikt i Norge en førebyggande koordinator på radikalisering. Politiets førebyggingskontaktar skal vere eit bindeledd mellom lokalt PST og lokalt politi, i høve til å koordinere hendingar, samarbeid og utveksling av informasjon mellom politi og lokalsamfunn. Førebyggarkontaktane er eit viktig kontaktpunkt i det lokale tverrfaglege samarbeidet.

## **Oppfølging av personer som har deltatt i kamphandlingar i utlandet**

Rutinar for varsling til kommunane blir utarbeidd av PST. Seljord kommune har ingen erfaring med slikt arbeid.

*Mist ikke troen på mennesket. Mennesket er som et hav.*

*Selv om noen få dråper er skitne, blir ikke havet skittent.*

*Gandhi*

## **Felles tryggleik – felles ansvar**

"*Felles trygghet – felles ansvar*" heiter regjeringa sin handlingsplan for å førebygge radikalisering og valdeleg ekstremisme. Handlingsplanen er utarbeidd av Justis- og politidepartementet i 2010, ny retttleiar kom i april 2015. Handlingsplanen viser til ein brei innsats for å førebygge valdeleg ekstremisme. Du finn handlingsplanen her:

[www.regjeringen.no/upload/JD/Vedlegg/Handlingsplaner/HP\\_ekstremisme.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/JD/Vedlegg/Handlingsplaner/HP_ekstremisme.pdf)

## **Nasjonal rettleiar for førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme.**

Denne rettleiaren retter seg mot aktørar i fyrstelinja på tvers av sektor og nivå.

Den bygger vidare på rettleiardelen i Handlingsplan mot radikalisering og valdeleg Ekstremisme.

## **SLT – samarbeidsmodell (samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak).**

SLT er en samarbeidsmodell og arbeidsmetodikk for førebyggande arbeid retta mot rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid blant barn og unge i alderen 12 til om lag 18 år. Seljord kommune har fram til no ikkje prioritert ressursar til innføring og etablering av ein slik modell. Dersom kommunen etablerer SLT vil det vere naturleg at SLT-kontakten også fungerer som radikaliseringkontakt.

## **Politiets sikkerhetstjeneste (PST)**

PST er ei særskilt polititeneste direkte underlagt Justis- og beredskapsdepartementet.

PST førebygger rekruttering til voldelig ekstremisme dels gjennom egne aktiviteter og dels gjennom samarbeid med andre instansar som politi og kommunar. Du kan lese meir om PST – eller tipse PST her: [www.pst.politiet.no](http://www.pst.politiet.no).

# 8 Planar, organisering og samarbeid

[www.seljord.kommune.no](http://www.seljord.kommune.no). Dette er nettsida til Seljord kommune. Der finn du informasjon om denne planen og generell informasjon om kommunen.

[www.radikalisering.no](http://www.radikalisering.no). Dette er nettsida til departementa med informasjon om radikalisering og valdeleg ekstremisme. Nettsida er for deg som ønskjer hjelp, råd eller kunnskap om radikalisering og valdeleg ekstremisme. Den kan vere nytig for tilsette i skular, barnevern og politi, eller for andre som jobbar med ungdom og foreldre:

[www.regjeringen.no/nb/sub/radikalisering/forside.html?id=663759](http://www.regjeringen.no/nb/sub/radikalisering/forside.html?id=663759)

## Førebygging av terrorisme og anna kriminalitet – rapport

Professor ved Politihøgskolen, Tore Bjørgo, har gitt ut ein kortfatta rapport, "Forebygging av terrorisme og annen kriminalitet", der han presenterer strategiar og en heilskapleg modell for førebygging av terror, valdeleg ekstremisme og kriminalitet. (Politihøgskolen 2011:1).

Du finn rapporten her: <http://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/handle/11250/175076/forebygging%20av%20terrorisme.pdf?sequence=1>

## Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett – rapport

Rapporten gir ny innsikt på eit felt som til no har fått lite merksemd i Noreg og internasjonalt. Betydinga av internett og sosiale medium har vore undervurdert når det gjeld radikalisering og rekruttering til ekstremisme. Mykje tyder på at internett kan redusere avstanden mellom tanke og handling. Du finn rapporten frå Politihøgskolen (2013:1) her:

<https://www.regjeringen.no/no/sub/radikalisering/publikasjoner/kunnskap/radikalisering-ogvoldelig-ekstremisme-p/id744507/>  
<http://brage.bibsys.no/xmlui/handle/11250/175110>

# 9 Nettsider og informasjon

## **Alvorlige hendingar i utdanningsinstitusjonar – rettleiar**

Utdanningsdirektoratet og Politidirektoratet ga hausten 2013 ut rettleiareni "Alvorlige hendelser i barnehager og utdanningsinstitusjoner. Veiledning i beredskapsplanlegging."

Du finner rettleiareni her:

[www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/Beredskap/UDIR\\_Veileder%20Alvorlige%20skolehend\\_web.pdf](http://www.udir.no/Upload/Laringsmiljo/Beredskap/UDIR_Veileder%20Alvorlige%20skolehend_web.pdf)

## **Det kan skje igjen – rapport**

Rapporten har forslag til korleis skulen systematisk og heilsakleg kan arbeide mot rasisme, antisemittisme og diskriminering på bakgrunn av elevens etniske, religiøse eller kulturelle bakgrunn. En arbeidsgruppe nedsett av Kunnskapsdepartementet la fram rapporten i 2011.

Du finn rapporten her: [www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Eidsvagutvalget/Eidsvag\\_rapport\\_Det\\_kan\\_skje\\_igjen.pdf](http://www.regjeringen.no/upload/KD/Vedlegg/Grunnskole/Eidsvagutvalget/Eidsvag_rapport_Det_kan_skje_igjen.pdf)

## **"Tilgjengelige, tøffe og trygge?" Førebygging av kriminalitet på internett – rapport**

Unges nettbruk er omfattande. Mobbing, hatefulle ytringar, truslar, lovbro og nettekstremisme. Er ei utfordring. Redd Barna og SaLTo ga ut rapporten i 2013. Du finn rapporten her:

[www.salto.oslo.kommune.no/getfile.php/Salto%20%28PROSJEKT-SALTO%29/Internett%20%28PROSJEKT-SALTO%29/Dokumenter/Rapport%20Nett%20er%20fett-%20Redd%20Barna-SaLTo.pdf](http://www.salto.oslo.kommune.no/getfile.php/Salto%20%28PROSJEKT-SALTO%29/Internett%20%28PROSJEKT-SALTO%29/Dokumenter/Rapport%20Nett%20er%20fett-%20Redd%20Barna-SaLTo.pdf)

## **Danske handbøker**

Social- og integrationsministeriet i Danmark har gitt ut 5 små handbøker i førebygging av ekstremisme. Målgruppe for bøkene er tilsette i kommunen, politiet og frivillige organisasjoner som jobbar med unge. Du finn handbøkene her: [www.sm.dk/Temaer/DemokratiOgIntegration/ForebyggelseAfEkstremisme/viden-værktøjer/haandboeger/Sider/default.aspx](http://www.sm.dk/Temaer/DemokratiOgIntegration/ForebyggelseAfEkstremisme/viden-værktøjer/haandboeger/Sider/default.aspx) – den gode og inkluderende møteplass